



Norsk Byggplan AS
Øksnevad næringspark
4353 KLEPP STASJON

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3847 - 14/12072

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.05.2014

Søknad om løyve til oppføring av fritidsbustad - gbnr 88/2 - trong for tilleggsinformasjon.

Kommunen viser til søknad om løyve til tiltak mottatt 24.04.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Ansvarleg søkjar har signert søknaden på vegne av tiltakshavar. Det må leggjast fram fullmakt.
- Eigedomen har tilkomst frå den kommunale vegen via privat veg. Det er krav om utvida avkjøringsløyve frå den kommunale vegen. Vedlagt følgjer søknadsskjema.

Vi gjer også merksam på at avkjørsler til private vegar skal tilfredsstilla dei same tekniske krav til utforming som er sett til avkjørsler til offentlege vegar, jf føresegnene til kommuneplanen punkt 1.8. Utforminga av avkjørsla må gå fram av situasjonsplanen.

- Eigedomen skal ha innlagt vatn frå privat vasskjelde og privat avlaupsanlegg. Det ligg ikkje føre utsleppsløyve. Søknad om utsleppsløyve må sendast inn saman med naudsynt dokumentasjon, jf forureiningsforskrifta kap 12.
Løyve til å nytta privat vasskjelde bør sikrast.
Dersom anlegga vert plassert på privat eigedom må det dokumenterast løyve frå grunneigar.
- Situasjonsplan må visa bygningen sine ytre hovudmål, avstand til nabogrense, plassering av avlaupsanlegg og VA-leidningar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.07.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema avkoyrsle komm veg

Kopi til:

Ina Therese og Rune Marås

Storrinden 113 C 5252

SØREIDGREND

Mottakarar:

Norsk Byggplan AS

Øksnevad
næringspark

4353

KLEPP STASJON